FITJAR

FITJAR KOMMUNE OPPVEKST OG SKULESEKTOREN
Postboks 83

5418 FITJAR

Dykkar ref:	Vår ref:	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2026/1931	Anne Lise Haukås		16.11.2026

UTDELING AV JODTABLETTAR TIL BARN OG UNGDOM VED EI ATOMULYKKE

Dersom det skjer ei atomulykke i Noreg eller i nærleiken av Noreg, kan radioaktivt jod bli spreidd gjennom lufta i så store mengder at det er fare for at stoffet blir teke opp i kroppen. Dersom du pustar inn luft, et mat eller drikk vatn som er forureina med radioaktivt jod, kan det gi auka risiko for kreft i skjoldbruskkjertelen.

Jodtablettar blokkerer opptaket av radioaktivt jod i skjoldbruskkjertelen. På denne måten vernar jodtablettar deg mot radioaktivt jod og reduserer risikoen for kreft i denne kjertelen. Norske styresmakter tilrår derfor at barn og unge under 18 år får ein jodtablett dersom det skjer ei atomulykke som utset dei for radioaktivt jod. Det er Kriseutvalet for atomberedskap som gir råd om jodtablettar skal brukast.

Ved ei atomulykke kan det vere viktig at barn og unge får jodtablettar raskt. Jodtablettar er derfor lagra på alle private og offentlege skular, i barnehagar, på institusjonane til Barne- og familieetaten og på andre institusjonar der barn oppheld seg på dagtid.

Det er svært sjeldan at nokon får biverknader etter å ha fått jodtablettar éin gong. Personar som er allergiske mot kaliumjodid, skal ikkje ha jodtablettar. Ved tvil bør du snakke med legen din.

Personar med stoffskiftesjukdom bør kontrollere stoffskifteprøver 6–12 veker etter å ha teke ein jodtablett.
Personar med dermatitis herpetiformis (Duhrings sjukdom) kan få ei forverring av hudsjukdommen etter å ha teke ein jodtablett. Legen som er ansvarleg for behandlinga, vil då vurdere om behandlinga bør justerast.

Kva du bør gjere:

- Du som er føresett til barn under 16 år, vel om barnet skal få jodtablettar.
- Du må gi beskjed til barnehagen eller skulen dersom du **ikkje** ønskjer at barnet skal få jodtablett.
- Du som er ungdom, kan frå du fyller 16 år, sjølv velje om du vil ta jodtablett.
- Du må sjølv gi beskjed til skulen dersom du **ikkje** ønskjer å få jodtablett ved ei atomulykke.

Kommuneoverlege
Fitjar kommune
Org.nr. 944 073 310
Postboks 83, 5418 FITJAR
E-post: fitjar@fitjar.kommune.no
Telefon: 53 45 85 00